



Helge Henanger  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3033 - 17/24712

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:  
14.12.2017

## Godkjenning av statstilskot til grøfting 2017 på GBNR 18/1 m.fl

**Administrativt vedtak. Saknr: 361/2017**

### Saksutgreiing:

Helge Henanger søkjer statleg tilskot til drenering av jordbruksaral på GBNR 18/1,9,44, 11/3,22, 5/7, 24/1,5,7,9. Søkjar driv foretaket 97434406 på Sagstad, der han driv mjølkeproduksjon . Søknaden er motteke 11.12.2017 og omfattar både systematisk og usystematisk grøfting på fleire bruk. Alt arealet er tidlegare grøfta, men aukande nedbørsmengder dei siste åra har medført behov for meir fokus på grøfting og auka dimensjonar.

Det er planlagt 1405 meter med usystematisk grøfting og 29 daa med systematisk grøfting. Det skal brukast 4 eller 8 tomms rør. Søkjar har i si miljøvurdering av tiltaket opplyst at han ikkje kjenner til at det vil ha negative konsekvensar for kulturminne, naturmangfald, auka flaumfare, erosjon eller påverka naboareal eller allmenta sine interesser. Han har avtale med grunneigarane på leigejord som omfattar løyve til å grøfta.

Saka er handsama etter delegert mynde frå kommunestyret. Kommunen avgjer søknade, men fylkesmannen står for utbetaling av tilskotet. I jordbruksoppgjeret 2017 vart partane samde om å auka tilskotet til kr. 30 pr. lm for usystematisk grøfting. Kommunen hadde motteke søknaden før fristen 1. juli, men ikkje handsama den. Søknaden vert difor løyvd med dei nye satsane.

### Vurdering

Tiltaket vil gje ei generell forbetring av jord- og plantekultur, noko som kan gje større avlingar av betre kvalitet. Drenering vil kunne gje betre utnytting av gjødsel, samt mindre avrenning av næringssalt og redusert utslepp av klimagassar. Tiltaket har positivt effekt på kulturlandskapet, då areal som er godt driven gjev betre opplevingskvalitet enn vassjuke areal .

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

### Berekening av tilskot

GBNR	meter grøft	sats kr/m	sum tilskot		daa	kr/daa	Sum	meter grøft
18/1,44	290	30	8 700	usystematisk grøfting				
11/3og 22				systematisk grøfting	15	2 000	30 000	446
	246	30	7 380	usystematisk grøfting				
5/7				systematisk grøfting	6	2 000	12 000	231
24/5	191	30	5 730	usystematisk grøfting				
24/9	85	30	2 550	usystematisk grøfting				
24/7	328	30	9 840	usystematisk grøfting				
24/1				systematisk grøfting	8	2 000	16 000	218
	265	30	7 950	usystematisk grøfting				
	1405		42 150				58 000	
Sum tilskot			100 150					

### Kulturminne

Kommunen har sjekka areala opp mot kulturminnebase og har ikkje registrert konfliktrar. Me veit at i nokon område er det gjort fleire funn av automatisk freda kulturminne, og etter råd frå kulturkonsulenten i kommunen vil ein senda søknaden på høyring til kulturminnestyresmaktene. Løyvinga vert gjort på vilkår av at Hordaland fylkeskommune ikkje har innvendingar mot det planlagte arbeidet.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

### Naturmangfaldlova

Det er gjort søk i Naturbasen og det er ikkje registrert opplysningar om artar eller naturtypar, som kjem i konflikt med dreneringa. På GBNR 24/1 på Langeland er det registrert observasjon av Vipe i utkanten av teigen, dette er ein kritisk trua fugleart som er avhengig av jordbruksareal for å hekka. I samband med at arealet var tilført jordmassar for ein del år sidan erfarte ein at bestanden av vipe auka i anleggsperioden og det er difor ikkje grunn til å tru at grøftinga vil ha negative verknader på bestanden.

Noko av arealet grensar mot tilførselbekkar til Mjåtveit elva der vasskvaliteten er viktig for m.a elvemusling. Grøfting er ein del av det vanlege vedlikehaldet av jorda, og ein aktivitet som er ynskjeleg. Det er likevel viktig at ein tek omsyn til livet i elva i anleggsperioden og prøver å gjera arbeidet når sjansen for avrenning er lågast mogleg. Tørre periodar er eit viktig stikkord.

Utfrå dette ser ikkje kommunen at grøftinga vil medføra skade på viktige naturverdiar. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg opplyst for å vurdere konsekvensar dreneringa med tanke på naturverdiar. Administrasjonen kan ikkje sjå at dreneringa vil ha andre negative verknader.

Generelt gjeldt det at alle inngrep som blir gjort i samband med dreneringa, skal utførast mest mogleg varsamt og med omsyn til terreng og vegetasjon. Ut frå ei samla vurdering meiner administrasjonen at det er tatt naudsynte omsyn til naturmangfaldet jf §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

### *Konklusjon*

Drenering er eit viktig klima- og miljøtiltak, og tiltaket vil gje lettare arbeidstilhøve og større avling av betre kvalitet. Det er ikkje registrert at tiltaket kjem i konflikt med viktige kultur- og naturverdiar.

Administrasjonen meiner tiltaket er i tråd med føremålet til forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord og løyver kr 100 150,-i statstilskot til tiltaket

### **Vedtak**

*Meland kommune løyver inntil kr 100 150,- i statstilskot til inntil 1405 meter usystematisk grøfting og til inntil 29 daa systematisk grøfting jf tabell i saksutgreiinga til Helge Henanger org nr. 974344076 på gnr. 18, bnr 1, 9,44 m.fl i tråd med søknad og kart motteke 11.12.2017.*

*Det er eit vilkår for vedtaket at Hordaland fylkeskommune v/kulturminneavdeling ikkje har innvendingar til tiltaket. Arbeidet skal utførast så skånsomt som mogleg for dei areal som har avrenning til Mjåtveitelva.*

*Vedtaket har heimel i forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord § 5 jf §3. Forskrift om produksjonstilskot §4 og naturmangfaldlova §§ 8-12.*

*Generelle vilkår for løyvinga:*

*Dersom ein under gjennomføring av tiltaket støyter på automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og regionalt kulturminneforvaltning kontaktast.*

*Arbeidet skal godkjennast av kommunen, og minst 30 % av tilskotet skal haldast attende til tiltaket er ferdig. Gje difor melding til kommunen når arbeidet er ferdig.*

*Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for støtte kan Meland kommune avgjera att tilskot skal betalast tilbake heilt eller delvis.*

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

kart

kart

Miljøvurdering av drenering

Søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

**Mottakere:**  
Helge Henanger

5918

FREKHAUG